

Lågterskeltilbod til barnehagane i Os.

Målet med lågterskeltilbodet er å jobbe etter prinsippet «tidleg innsats». Det inneber rask og relevant hjelp frå ein vanske oppstår og til små og store spørsmål som gjeld barns utvikling.

Tilbodet skal være lett tilgjengeleg ved at styrar i barnehagen kan henvende seg til fagsenteret utan omfattande tilvising og lang saksbehandling. Hovudtanken skal vere «hjelp til sjølvhjelp».

Ved å gi hjelp og rettleiing ønskjer vi å bidra til å utvikle barnehagane og auke kompetansen til dei tilsette slik at dei kan finne gode løysingar i kvardagen.

Når det gjeld spørsmål og behov for rettleiing som gjeld einskildbarn, skal det liggje føre samtykke frå foreldra før det vert teke kontakt med Pedagogisk fagsenter. Barnehagen har ansvar for å informere foreldra, og må vurdere høvelege former i det einskilde tilfellet og når det gjeld grupper med barn.

Eit lågterskeltilbod skal utførast i ei avgrensa periode og skal ikkje erstatte andre tiltak.

Mål

- Gi tidleg og rask hjelp til barnehagane
Setje i gang tidlege tiltak for å forebygge og hindre at vanskar utviklar seg
- Gi hjelp til sjølvhjelp
- Gi rettleiing og støtte til barnehagane

Rutine

- Styrar tar kontakt pr. tlf. og sender «Oppdragskjema – lågterskeltilbod» pr. mail. til leiar for Pedagogisk fagsenter (som Word-dokument).
- Den som skal utføre oppdraget, tar kontakt med styrar/pedagogisk leiar og avtaler tid for møte.
- Når arbeidet er avslutta, blir skjemaet signert og arkivert på Pedagogisk fagsenter. Barnehagen får kopi av skjemaet.

Område

- **Språkstimulering:** Generelt språkarbeid, språkgrupper, verktøy, vaksenrolla
- **Fleirkulturelt/fleirspråkleg arbeid:** Språkstimulering, oppstart i barnehagen, møte med foreldre
- **Sosial kompetanse:** Verktøy og strategiar frå m.a. «De Utrolige Årene»
- **Foreldresamarbeid:** Generelt og «den vanskelege samtalen»
- **Rettleiing tilsette:** Avdelingsmøte, observasjon og rettleiing
- **Rettleiing:** Utfylling og bruk av Pedagogisk rapport, IUP, Tras og Askeladden

2. Informasjon frå barnehage

Utfordring:
Gjennomførte tiltak i barnehagen:

3. Samtykke fra føresette

Barnet sine initialar: Barnet sin fødselsdato:	Barnehagen har fått samtykke, Ja/nei
---	---

4. Oppdrag avslutta

Tidsbruk:	Evt. oppfølging:	
Oppsummering:		
Dato	Pedagogisk leiar:	Pedagogisk Fagsenter: